



Sognaregionen

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap

Status mars 2026

Me veks!

	2024K2	2024K3	2024K4	2025K1	2025K2	2025K3	2025K4
K-4639 Vik	-11	-3	0	-5	-7	-19	13
K-4640 Sogndal	7	36	122	37	-82	88	13
K-4641 Aurland	21	-7	13	10	19	-4	5
K-4642 Lærdal	9	15	-1	-1	9	13	14
K-4643 Årdal	-14	-7	5	10	-6	37	-2
K-4644 Luster	23	5	6	1	30	3	12
Sum	35	39	145	52	-37	44	55

30 000 i 2027?

	2023K4	2024K4	2025K4
K-4639 Vik	2 551	2 550	2 532
K-4640 Sogndal	12 319	12 496	12 552
K-4641 Aurland	1 800	1 836	1 866
K-4642 Lærdal	2 160	2 188	2 223
K-4643 Årdal	5 239	5 213	5 178
K-4644 Luster	5 371	5 432	5 478
Sum	29 440	29 715	29 829

Profil, merkevare og rekruttering

- Status:
 - Profilhandbok ferdigstilt og versjon 2 av Sogn.no er publisert.
 - Fleire profilerings tiltak gjennomført i samband med Sognafest, Sognating, karrieremesser og andre rekrutteringstiltak.
 - Forankringsaktivitet
- Arbeidet vert vidare eit samvirke mellom Sogn KO som eigar av prosjektet, kommunane, nærings-/arbeidsliv og frivillig sektor.
- Sogn Næring er engasjert til det operative arbeidet på vegne av Sogn KO.
- Vidare vert det jobba med:
 - Berekraftig forretningsmodell for profil og rekrutteringsplattform
 - Livet i Sogn – innhaldsstrategi for sosiale medier
 - Fysiske kjennemerke
 - Profilerings og rekrutteringstiltak
 - Bygge lokalt og regionalt eigarskap og aktivitet rundt merkevara.

Barnevern

- Vertskommuneavtale om ny felles barnevernsteneste i regionen er vedteke av alle kommunane i desember 2025
- Sogndal kommune blir vertskommune - hovudkontor i Sogndal og avdelingskontor i Lærdal om alle kommunane blir med.
- Prosjektplan for etableringa av den nye tenesta vedteke i styret til Sogn KO 23/2.
- Vertskommuneavtale ligg til signering hjå kommunedirektørane.
- Kommunalsjef i Sogndal leiar styringsgruppa. Det er gjennomført 2 møte og prosjektet held tidsplan.
- Sogndal stiller med prosjektleiarressurs fram til ny leiar av barnevernstenesta er på plass
- Etablering av ny teneste frå 1. januar 2027

NAV

- Fem kommunar fatta i desember 2025 positive prinsippvedtak om vertskommunesamarbeid med Årdal kommune som vertskommune.
- Styrevedtak i Sogn KO 23. februar om å gå vidare med å utvikla vertskommunesamarbeid basert på overordna prosjektplan.
- Informasjonsskriv til alle Nav-tilsette i Sogn utsendt 27/2, styringsgruppa føl opp informasjonsarbeidet vidare.
- Oppstartsmøte i styringsgruppa er planlagd i slutten av mars.
- Kommunedirektør i Årdal er leiar av styringsgruppa.

Løn

- Styrevedtak 4. juni 2025
 - Etablere forpliktande nettverk for lønnstenester
 - Formålet er å utvikla meir robuste lønstenester, at fagmiljøa får støtte til å utvikla gode løysingar, felles rutinar og praksis
- Det er gjennomført 3 møte i nettverket.
 - Luster og Vik er allereie del av nettverk for lønn gjennom SysIKT.
 - Det samla nettverket i Sogn vurderer at det ikkje er god ressursbruk å jobbe med same tematikk i to parallelle nettverk.
 - Ved at Lærdal, Sogndal og Årdal går inn i lønnsnettverket til SysIKT, kan ein betre støtte målsetjingane til Sogn KO om robuste lønstenester, sterkare fagmiljø, felles rutinar og meir effektive løysingar.
 - Nettverket foreslår å setje Sogn KO sitt nettverk på vent og konsentrere innsatsen mot SysIKT, samstundes som ein jamleg vurderer om arbeidet svarer på Sogn KO sine målsetjingar.

PPT

- Styret stadfesta og oppdaterte i styremøte 4. juni prosjektmandat for innsiktsarbeidet for PPT-samarbeid.
- 2 innsiktsøker, intervju og løysingsøkt er gjennomført.
- Dei tilsette i tenestene er inviterte til å gje kommentarar på sluttrapport og tilråding.
- Styringsgruppa ferdigstiller rapport og tilråding til styremøte i Sogn KO 7. april.

Næringsutvikling inkludert reiseliv

- Leveranse: Rapport, nosituasjon og scenarie.
- Tilråding oppsummert:
 - Kommunane bør ha strategisk ressurs for nærings-/samfunnsutvikling – 10% frå kvar kommune bør nyttast regionalt.
 - Bedrifter i regionen skal ha tilgang til full tenestekatalog, dei som ikkje kan levere sjølv bør nytte eksternt tenestekjøp
 - Sogn KO kan ta ansvar for regional samordning av strategiske satsingar, koordinering av eksterne tenestekjøp, utvikling av partnerskap, dialog med verkemiddelaktørane og drift av ulike nettverk
 - Sogn KO støttar etablering av ein robust regional privateigd utviklingskapasitet.
 - Årdal har ein velfungerande struktur, verktøy og løysingar bør gjerast tilgjengelege for heile regionen via partnerskap.
 - Visit Sognefjord er kritisk infrastruktur og samarbeidet bør vidareutviklast.
 - Kommunane bør dele engasjementet sitt i Visit Sognefjord mellom grunnstilskot og målretta tilskot for å ikkje operere i ei gråson juridisk.

Næringsutvikling inkludert reiseliv

- Rapport og tilråding vedteke i styret til Sogn KO 23/2.
- Tiltråding til Vestland fylkeskommune om næringshageoperatør vert handsama i arbeidsutvalet til Sognarådet 9/3.
- Organisering og samordning av den kommunale innsatsen vert vidareutvikla og implementert i samarbeid med kommunane og næringsnettverket.
- Eigarane i Sogn Næring er positive til å dele eigarskapet med kommunar og næringsliv i regionen.
- Visit Sognefjord er invitert til dialog med styret i Sogn KO 7. april om vidare finansiering og arbeidsdeling.

Kart, oppmåling og GIS

- Vertskommuneavtalen vart vedteken i kommunane Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal november-desember 2025.
- Luster kommune vert vertskommune frå 1.1.2027.
- Etablering frå 1.1.2027

Skog i Sogn

- Høyanger gjekk ut av samarbeidet.
- Vert vidareført med same ressursinnsats for dei 6 kommunane, 2,6 årsverk.
- Vik kommune vert vertskommune
- Samarbeidsavtalen vart vedteken i dei seks kommunestyra desember 2025

Ureining, miljø og tilsyn av private avløp

- Styrevedtak 9. desember 2025 om å førebu eit vertskommunesamarbeid
- Luster eller Sogndal har meldt inn interesse for å vera vertskommune
- Kompetansemiljøet til Simas IKS kan vera relevant for delar av fagområdet
- Styrevedtak 23. februar
 - Vidareutvikla saka med drøftingsreferat og synspunkt på val av vertskommune
 - Arbeide vidare med grunnlaget for gebyrforskrifta som uansett er nødvendig å få på plass

Veteranplan for Sognaregionen

- Regional veteranplan skal bidra til at veteranane blir verdsette, får nødvendig oppfølging og opplever at kommunane er tilgjengelege og inkluderande.
- Styrevedtak 9. desember 2025
 - Styret vedtek veteranplanen og sender den til kommunane som legg den til offentlig høyring
 - Etter høyringsfristen vert evt innspel handsama og lagt fram for styret
 - Etter endeleg vedtak i Sogn KO i april 2026, går planen til handsaming i kommunestyra,
 - Kommunedirektørane peikar ut veterankontaktar.
 - Kommunane ber kostnadar og har ansvar for aktivitetar og tiltak i eigen kommune.

Ressurskrevjande tenester

- Dei seks kommunane i Sogn vil samarbeide om tenester til innbyggjarar med særleg krevjande behov.
- Behovet aukar, særleg for personar med krevjande åtferd og samansette utfordringar innan utviklingshemming, psykisk helse og autismespekteret.
- I dag kjøper kommunane slike tenester frå private aktørar.
- Eit regionalt samarbeid kan byggje opp eit sterkare og meir spesialisert fagmiljø.
- Eit slikt fagmiljø vil gi høgare kvalitet og eit meir robust og framtidsretta tenestetilbod.
- Fase 1 skal skaffe kunnskapsgrunnlag og peike på mest eigna samarbeidsmodell og vurdere korleis kommunane best kan organisere og utvikle tenestene saman.
- Finansiert med kr 800 000 frå Statsforvaltaren, kr 200 000 frå Sogn KO og eigeninnsats frå kommunane.
- Prosjektleder: Lyst ut på anbod
- Styringsgruppe med kommunalsjefane.

Samfunnstryggleik og beredskap

- Prosjektet skal styrke den kommunale og regionale beredskapsevnen i Sogn gjennom:
 - Etablering av eit beredskapsfellesskap mellom kommunane for samfunnssikkerheit- og beredskapsarbeid med mål om å styrke regionen og bidra til motstandsdyktige lokalsamfunn
 - Betre samhandling mellom kommunane, beredskapsaktørar, statlege instansar og med andre partar som inngår i å trygge befolkningas sikkerheit•
 - Auka evne til å handtere samansette truslar, uønska hendingar og kriser i regionen•
 - Forsterka lokal støtte til nasjonal og militær beredskap som gjer at Sogn står sterkare i lag i det førebyggjande arbeidet og ved uønska hendingar høgare i krisespekteret
- Finansiert med kr 1 100 000 frå Statsforvaltaren, kr 200 000 frå Sogn KO og eigeninnsats frå kommunane.
- Prosjektleder: Halvard Gjerde

Eksisterende samarbeid

Målet er å:

- Skalere opp samarbeid som fungerer godt
- Utvikle nye oppgaver der det er føremålstenleg
- Forenkle eller avvikle det som ikkje fungerer

Styret i Sogn KO har tinga:

- Oversyn over alle etablerte samarbeid
- Plan for administrativ og politisk oppfølging
- Gjennomgang av avtalar

Hypotese:

- Største gevinst ligg i profesjonalisering av eigarstyring og rapportering, ikkje nødvendigvis i nye samarbeid.

Integrering av innvandrarak

- Målet er å sikre verdiskaping og meir vekst i Sogn gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak
- Samarbeid på tvers av privat, offentlig og frivillig sektor
- Prioriterte tiltak framover:
 - Sogn Opportunity – karriereprogram for innvandrarak med høgare utdanning
 - Bedriftsnettverk – regionalt nettverk av bedrifter som jobbar for god og mangfaldig rekruttering
- Styrevedtak om at næringsnettverket tek over ansvaret for tiltaka, samt vurderer vidareføring av tiltak og gode praksisar.
- Sogn næring koordinerer arbeidet og dei to tiltaka er samla under prosjektet "Mitt Sogn".

sogn^{for}alle

Inkludering

VERDISKAPING

SAMHANDLING

Raus

RESSURSAR

Open

VEKST

Rekruttering

STOLT

INTEGRERING

Mangfald

INKLUDERINGSKOMPETANSE

Samfunnsutvikling

Moglegheiter

LÆRING

Felleskap



Sognaregionen

Barnehage- og skuleutvikling



Hovudmålet for programmet er at barn og unge i Sogn skal oppleve livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring

Vårt regionale utviklingsprogram inneber

- Å samarbeide om felles nasjonale og regionale satsingar
- Å dra nytte av kompetanseutvikling i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren og andre fagmiljø
- At kompetansedeling kan skje gjennom regionale fagnettverk, fagdagar, planleggingsdagar og leiarsamlingar
- Tverrfagleg samarbeid på tvers av ulike profesjonar
- Styrevedtak i august 2025 om at Kompetanseregion Sogn (kommunalsjefar for oppvekst) blir styringsgruppe for programmet

Andre samarbeid og utgreiingstema

- Alarmsentralen:
 - Luster kommune har på oppdrag frå Sogn KO utgreidd samarbeid med Alarmsentralen IKS. Med utgangspunkt i utgreiing har Luster kommune gått ut av samarbeidet. Dei andre kommunane føl opp i eigne prosessar.
- TryggEst
 - Det er sett i gang eit prosjekt med alle 6 kommunane med namn TryggEst som skal etablere gode rammer rundt vern av risikoutsette vaksne. Sogndal kommune har prosjektleiing og arbeidet går etter vedteken prosjektplan.
- Green Hydra
 - Korleis rigge Sogn for hydrogenøkonomien: Interreg-prosjekt i regi av Sogndal kommune som Sogn KO deltek i mtp utvikling av regionalplan. Internasjonale samlingar og kompetansedeling er hovudaktivitetar.

Nettverk

Knytt til KO ligg ei rekke fagnettverk som er oppretta med ulike funksjonar og føremål. Desse har i liten grad formelle mandat og oppgåver i dag, men det er ein ambisjon om å etablere slike for å tydeleggjere rolle og arbeidsoppgåver.

- Næringsnettverket
 - HR-nettverket
 - Kompetanseregion Sogn (oppvekst)
 - Helse- og omsorgsnettverket
 - Oppmålingsgruppa
-
- Nye forpliktande nettverk er etablert september-oktober 2025
 - Fagnettverk byggesak
 - Fagnettverk plan
 - Fagnettverk landbruk



Sognaregionen

Bakgrunnsinfo

Status mars 2026


Perspektivmeldinga 2024

Hovudutfordringar

- Kamp om arbeidskrafta, demografi, færre i arbeidsfør alder (685 000)
- Behov for omstilling, økonomisk, klima, teknologi, demografi
- Fortsatt god fordeling, men forventningsgapet er der- og det aukar

Eldrebølgen skyller over oss de neste 20 årene

Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane får en ekstra høy andel av personer over 65 år i 2040.



Kva?

- Bygge, eige og utvikle merkevara Sogn saman med samfunnet rundt oss
- Identifisere, drive fram og etablere nye og fleire tenestesamarbeid og andre viktige satsingar innanfor rammene av regionalplanen og kommunane sitt verkeområde.
- Bygge sterkare kjennskap og relasjonar mellom kommunane på fleire nivå
- Sette agendaen for regionale satsingar i tett samspel med Sognarådet IPR
- God politisk og administrativ forankring av det regionale arbeidet i kvar kommune

Kvifor?

- Styrke samarbeidet mellom administrasjonane i Sogn
- Bidra til å spele det politiske arbeidet i Sogn endå betre
- Auke merksemd på utvikling i regionen

Suksess!

- Liten administrasjon og spele på ressursmiljø
- Eige, forvalte og drive fram merkevara Sogn
- Gje alle mogelegheita til å vere med, men lov til å sleppe
- Vere open, transparent og tilgjengeleg rundt det som vert jobba med
- Reagere kjapt på politiske bestillingar, vere aktiv på å spele opp forslag
- Alltid følgje prinsippa og metodikken for raske utgreiingar med tidleg avklaring
- Engasjere seg aktivt i Sognarådet IPR sitt arbeid, og bidra der det trengst
- Jobbe ilag om det som er viktig for alle, vere ein ressurs for enkeltkommunane der dei treng det

Kva er Sogn KO?

Kva står i samarbeidsavtalen?

5. Oppgåvefellesskapet skal arbeide med:

- a) Fremje og vidareutvikle tenestesamarbeid i regionen
- b) Bidra til realisering av den til ei kvar tid gjeldande regionalplan, i samspel med Sognarådet IPR.
- c) Styret i oppgåvefellesskapet kan på sjølvstendig initiativ løfte opp saker og samarbeidsområde ein vurderer som relevante for regionen til representantskapet.

6. Fellesaktiviteten i pkt. 5 i oppgåvefellesskapet skal finansierast av samarbeidskommunane etter vedteken fordelingsnøkkel i Sognarådet IPR. Oppgåvefellesskapet er sjølv ansvarleg for å dimensjonere aktiviteten og omfanget av arbeidet.

Andre fordelingsnøklar kan vurderast for konkrete samarbeidsområde som oppgåvefellesskapet ynskjer å etablere.

7. Kommunane har ei sjølvstendig plikt til å løfte opp saker og tema som kan vere aktuelle for samarbeid. Ved bruk av enkeltkommunar sin kapasitet i felles saker skal det lagast eigne avtalar som regulerer omfang og innhald. Fordelingsnøkkelen frå punkt 6 gjeld også for dette.

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap - kven er vi?

Representantskapet

- Kjell Bøe Bjørgum Aurland (leiar)
- Stig Ove Ølmheim Sogndal (nestleiar)
- Andreas Wollnick Wiese Luster
- Audun Mo Lærdal
- Roy Egil Stadheim Vik
- Christian Sønstlien Årdal

Styret

- Siri Fahlvik Pettersen Vik (leiar)
- Gunn Lerøy nestleiar Lærdal
- Jon Bolstad Luster
- Mette Hestetun Berg Årdal
- Steinar Sørgård Aurland
- Jarle Skartun Sogndal

Tilsette i Sognaregionen

- **Sogn kommunalt oppgåvefellesskap (KO)**

Ingrid Steine Bortne, programleiar 100%

Torgeir Skålid, tenesteutviklar 100%

- **Sognarådet interkommunalt politisk råd (IPR)**

Yngve Hallén, Sognasmed, 70%

Karina Nerland, rådgjevar, 100%

- Stillingsressursane jobbar saumlaust mellom dei to organisasjonane og kallar seg i kvardagstale for Sognateamet.
- Sogndal kommune yter støttetjenester - post- og arkivtenester, IKT, løn, personal, økonomi og rekneskap.
- Tilsette i Sognateamet er formelt tilsett i Sogndal kommune.
- **Ressursar frå kommunane**
- Behov for kompetanse frå kommunane, særleg utgreiingskapasitet

Korleis skal vi jobbe?

Representantskapet: Vel styre og vedtek budsjett, årsrekneskap og årsmelding

Styreleiar: Leiar arbeidsfellesskapet vårt.


Styret: Set agenda, vedtek satsingar og gjev dei økonomiske rammene. Styret er aktivt også mellom møta. Det er arbeidsdeling i styret der styremedlemmane engasjerer seg og tek ekstra ansvar inn mot enkeltsaker. Det er også nyttig arbeidsform å sirkulere saksframlegg mellom styremedlemmane i forkant av styremøte for å kvalitetssikre sakshandsaming.

Administrasjon: Organisert med flat struktur (ingen leiar), men skal vere godt koordinert. Ansvar for å utvikle tenester, drifte prosjekt og definerte satsingar, førebu møte, greie ut saker, koordinere regional aktivitet mv. Det ligg og ein pådrivarrolle til administrasjonen og den skal generelt fasilitere gode prosessar som stimulerer utvikling i Sogn.

Alle har vi ansvar for å ta initiativ, løfte viktige satsingar, støtte opp om dei gode miljøa og bygge regionen vår.

Ambisjonar utan handling er berre draumar

- Færre arbeidstakarar skal løyse fleire oppgåver med mindre pengar
- Dei fleste unge flyttar til byane
- Det er for seint å fikse 2030 i 2030, vi har berre tida og vegen
- Viktig med politiske retningsval
- Kraftkommunar som har tidlegare har klart seg godt kvar for seg.
- Me treng kvarandre no i vårt felles bu- og arbeidsmarknad i vid forstand



Utgreiing

Det er ikkje ein ambisjon å tilsetje fleire ressursar til utgreiingsaktivitetar. Dels vil dei fast tilsette gjere arbeidet, og dels vil ein kjøpe ressursar frå kommunane og andre kompetansetilgjeng. Sogndal kommune har spelt inn at dei har kapasitet ved behov.

Vi har vald denne arbeidsforma i utgreiingsarbeidet

Vi legg prinsippa i tillitsreforma til grunn:

- Tillitsvalde som aktive deltakarar i alle prosessar
- Undersøkande metodikk: Først avdekke dei eigentlege utfordringane, før ein søker å løyse dei på best mogeleg måte
- Hente innsikt, og legge den til grunn for å vurdere neste steg – i motsetnad til prosjektplanar som har tenkt ut alle stega frå start til mål i forkant

Fordelane med å jobbe på denne måten:


- Organisasjonane vert betre kjent, både personleg og med kvarandre sine måtar å jobbe på
- Forankringa og samarbeidskulturen vert bygd medan ein jobbar
- Underlaget får større breidde og djupne, og vert kvalitetssikra og risikohandtert undervegs
- Problemstillingar som dukkar opp kan avklarast fortløpande
- Gitt at det er vilje og evne til å komme i mål, kjem ein i mål raskare – og er det ikkje slik vilje og evne slepp ein å kaste vekk tid på å tru at det er det

Utfordringane med å jobbe på denne måten:

- Den bryt med kjent praksis og det ein har vore van med, og vert opplevd som uvant for mange
- Tap av (illusjonen om) kontroll for bestillar (styre og representantskap)
- Det tek lenger tid i starten, utan at det vert opplevd at det går (raskt nok) framover
- Den krev høg grad av tillit til kvarandre, og dei som skal bidra i arbeidet

Døme på prosess

Standardisere prosessar og vere tydelege på korleis dei ser ut. Beslutningstakarar må forstå korleis vi jobbar




Overordna prinsipp for samarbeidsavtaler

- Styret har 19. august vedteke kriterium og prinsipp for val av vertskommune
- Styret har 20. oktober vedteke prinsipp som hovudregel for kostnadsfordeling i nye tenestesamarbeid
 - 25 % fordelt likt
 - 75% etter folketal eller anna relevant kriterium knytt til tenesta
- Utgreiing og avklaring om prosess og roller ved verksemdoverdraging pågår







-  [Sogndal kommune](#)
-  [Luster kommune](#)
-  [Årdal kommune](#)
-  [Lærdal kommune](#)
-  [Aurland kommune](#)
-  [Vik kommune](#)

